



Lilli Ann Hagen  
Sagstadvegen 117  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2200 - 17/19216

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
04.10.2017

## Godkjenning- Oppføring av vinterhage, tilbygg til einebustad, Gbnr 18/81

**Administrativt vedtak. Saknr: 267/2017**

**Tiltakshavar:** Lilli Ann Hagen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4

### **SAKSUTGREIING:**

#### Saka gjeld:

Lilli-Ann Hagen har søkt om oppføring av tilbygg opplyst med eit samla bruksareal (BRA) på 19,8 m<sup>2</sup> og samla bebyggd areal (BYA) på 11,5 m<sup>2</sup> til sin einebustad på gbnr 18/81 på Sagstad. Tilbygget er ei isolert vinterstove i glass.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 18.9.2017.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 18.9.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av tilbygg til eksisterande bustad er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadspliktig tiltak som kan forestås av tiltakshaver, jf. pbl § 20-4.

Den omsøkte eigedomen er i reguleringsplanen for TUA (arealplanid: 125620060007) Delfelt B, regulert til einebustad og garasje.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Maks utnytting for eigedomen er 25% BYA, etter omsøkt tiltak er eigedomen opplyst at vil få ei utnytting på 17,3 % BYA. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdeplassing, og byggverket si høgd.

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstand kravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner tiltaket som vist på situasjonskart journalført motteke 18.9.2017.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2, i samsvar med vedlagte teikningar.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-4 løyve til oppføring av tilbygg på 19,8/11,5 m2 BRA/BYA på gbnr 18/81 som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 18/81 Øvre Sagstad - søknad om løyve til tiltak oppføring av tilbygg til bustad - vinterhage

Kart

Teikningar

**Mottakere:**

Lilli Ann Hagen

Sagstadvegen 117 5918

FREKHAUG